

Spørsmål frå Konrad Risnes

Med bakgrunn i dei siste vekers innlegg i lokalaviser ang. Nyborgtunellen kunne det vore interessant å vita kva syn Radøy kommune si politiske leiing har til Nyborgtunellen? (då med Radøy kommune hatten på).

SVAR:

Radøy formannskap har kome med innspel knytt til Utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane. Her sette ordføraren fram følgjande fellesframlegg, som vart samrøystes vedteke.

Radøy kommune sluttar seg til regionalt innspel til Utgreiing Ringveg øst og E39 nord i Åsane, med følgjande tillegg:

- Den nye veggen må få overgang til tofelt heilt nord ved Nordhordlandsbrua, uansett kva alternativ som vert vald.*
- Den nye veggen må ha god flyt, med få påkøyringspunkt, slik at ein unngår situasjonar som på Eikås i dag.*
- Det er viktig at planarbeidet har høg gjennomføringstakt, og rask ferdigstilling, for behovet for betre vegløyning er påtrengjande.*

Ordføraren viste i svaret sitt til Regionrådet sitt innspel til Utgreiing om Ringveg Øst og E39 nord i Åsane.

Me viser også til eit positivt møte med Bergen kommune og Statens vegvesen i Bergen Rådhus onsdag 2. november. Der var det svært positive signal frå alle aktørane om at ein ønskja å komme i gang med planprosessen så fort som mogleg for å få realisert prosjekta. Regionrådet i Nordhordland er no svært utålmodige med å få ein betre veg på E39 nord i Åsane. Dette er det viktigaste samferdselsprosjektet for Nordhordland, noko me også har understreka i vår uttale til NTP 2018-2029.

Det viktigaste for oss er at det vert vedteke ny trase for E39 nord i Åsane så raskt som mogeleg og at arbeidet på denne kan starta opp. Dette prosjektet vil vera eit av dei beste til å tilfredsstilla dei kriteria som er til samfunnsøkonomisk lønnsemd, samfunnstryggleik og samanhengande standard / utbygging. Prosjektet er i stor grad tenkt å vera bompengefinansiert gjennom Nordhordlandspakken. Regionrådet registrerer at Nyborgtunellen slik den var vedteke i kommunedelplan (alternativ N5) no ikkje synes å vera så aktuelt på grunn av vektlegginga av konseptvalet for Ringveg øst. I tilrådinga frå Statens vegvesen er det alternativa N1, N2 og N3 for E39 nord i Åsane som er anbefalt som alternativ og den vurderinga vert også støtta av Bergen kommune. Regionrådet tek dette til etterretning og ser det som viktigast å jobba for at eit av alternativa N1, N2 eller N3 vert valt så raskt som mogeleg og at bygginga av ny trase kjem i gong.

Val av alternativ N1, N2 eller N3 for E39 nord i Åsane

Det viktigaste kriteriumet for val av alternativ er at ein vel det alternativet som kan realiserast raskast.

Det ser ut til at alternativet N1 er det som kan skape mest konflikt og vere vanskeligast å gjennomføre. Me vil difor råde til at alternativa N2 og N3 er det som vert vurdert som mest realistiske. I alternativet N2 skal ein nytte Eikåstunellen. Dersom det kan oppnås ein god samankopling med Eikåstunellen burde dette vere eit godt alternativ.

Val av planprosess med eventuell statleg plan

I møte med Bergen kommune 2. november var haldninga frå Bergen kommune at dei ikkje ønskja ein statleg kommunedelplan. Me har forståing for det standpunktet i og med at heile vegprosjektet skjer i

Bergen kommune. Men me vil samstundes peika på at trasen for E39 frå Nordhordlandsbrua til Bergen sør er eit stort samferdselsprosjekt for det overordna riksvegnettet og løysingar involverer og betyr mykje både lokalt, regionalt og nasjonalt. For å vekta dei ulike interessene og samstundes sikre framdrift kan det vere eit argument for at det bør vera ein statleg kommunedelplan.

Uavhengig av kva planprosess som vert valt er det viktigaste at planprosessen startar opp så raskt som mogeleg og at der ein god dialog mellom alle aktørane. Me trur at vilje frå alle aktørane om å få til noko er viktigare enn kva planprosess som vert valt.

Realisering av ny trase for E39 nord i Åsane er det viktigaste samferdselsprosjektet for Nordhordland og me ønskjer framover å ha ein tett dialog med aktørane om framdrifta og val av løysingar.

Det var semje i formannskapet om å leggja Regionrådet sitt forslag til grunn for Radøy kommune sin uttale.

*Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande fellesframlegg: **Radøy kommune sluttar seg til regionalt innspel til Utgreiing Ringveg øst og E39 nord i Åsane, med følgjande tillegg:***

- Den nye vegen må få overgang til tofelt heilt nord ved Nordhordlandsbrua, uansett kva alternativ som vert vald.

- Den nye vegen må ha god flyt, med få påkøyringspunkt, slik at ein unngår situasjonar som på Eikås i dag.

- Det er viktig at planarbeidet har høg gjennomføringstakt, og rask ferdigstilling, for behovet for betre vegløyising er påtrengjande.